


KVIFOR VART DET KNAPT MED SMITTEVERNUTSTYR?

Det er tre hovudårsaker til at tilgangen til smittervernustyr vart knapp: Vi fekk ikkje utstyr der vi vanlegvis får det. Det vart stor global etterspurnad. Det var lite på lager.



- ▶ Kina lagar mykje av smittevernustyret vi vanlegvis brukar. Lite har blitt produsert i vår del av verda. Kina var det første landet med utbrotet av korona-viruset. Det innebar at mykje av produksjonen og dei vanlege forsyningslinjene stoppa opp.
- ▶ Korona-viruset spreidde seg deretter til andre land og verdsdelar. Det førte til at land over heile verda trengte utstyr som det allereie var lite av. Som ei følgje innførte fleire land eksportforbod av smittevernustyr.
- ▶ I Noreg, som i mange andre land, har ein hatt relativt lite utstyr på lager. Helsedirektoratet har ansvar for nasjonale kriselager, medan kommunar og lokale helseføretak har ansvar for sine lager. Det var ingen regionale lager. På lagera var det gjerne nok til normalt forbruk av utstyr ei tid framover, men korona-pandemien utløyste eit dagleg behov for utstyr langt over normalforbruket. At lagerbeholdninga ikkje var større eller varte lenger, skuldast det også at delar av smittevernustyret er «ferskvare» og eingongsutstyr.
- ▶ To hovudstrategiar vaks tidleg fram for å handtere situasjonen: 1) skaffe nok utstyr og 2) bruke det utstyr vi har så godt og hensiktsmessig som mogeleg.

